
Vedtekter for Ungdomsrådet i Solund

1 FORMÅL

- 1.1 Ungdomsrådet skal gje ungdom opplæring i demokratisk arbeid og medverknad.
- 1.2 Det skal gje dei høve til å påverke sin eigen livssituasjon ved å delta i politiske avgjerdsprosessar.
- 1.3 Gje betre sakshandsaming og betre grunnlag for politiske vedtak i saker som vedgår ungdom.

2 STORLEIK, SAMANSETNAD, VALMÅTE

- 2.1 Ungdomsrådet er samansett av 5 representantar med vararepresentantar valde frå heile kommunen og med best mogleg aldersspreiing.
- 2.2 Ungdom som er eller blir 13 til 19 år i valåret og som kjem i frå kommunen, kan veljast.
- 2.3 Ungdomsrådet blir valt i september.
- 2.4 Dei som er valde, sit i ungdomsrådet i 2 år. Halvparten blir skifta ut kvart år. Ved første gongs val skal 2 representantar veljast for 1 år og 3 veljast for 2 år.

3 ARBEIDSMÅTE

- 3.1 Ungdomsrådet konstituerer seg med leiar og nestleiar etter fleirtalsval. Ordførar i det ordinære kommunestyret leier møtet inntil leiar er vald. Vala gjeld for 1 år.
- 3.2 Kulturetaten er sekretariat for ungdomsrådet og bestemmer saklista og førebur sakene saman med leiar og nestleiar.
- 3.3 Ungdomsrådet møter 5 gongar i året, gjerne i forkant av det ordinære kommunestyret. Ungdomsrådet kan innkalle til ekstra møte når sakene krev det eller 1/3 av ungdomsrådet krev det.
- 3.4 Møtereglement for ordinære politiske styre og utval i Solund kommune gjeld.
- 3.5 Ungdomsrådet kan møte med to representantar i det ordinære kommunestyret.
- 3.6 Det blir ikkje gjeve møtegodtgjersle til representantane, men reiseutgifter blir dekte.

4 SAKER

- 4.1 Ungdomsrådet kan ta opp alle saker som ungdomsrådet ønskjer å uttale seg om – saker som er til handsaming i andre politiske organ eller andre aktuelle saker.
- 4.2 Ungdomsrådet skal vere høyringsorgan i aktuelle politiske ungdomssaker. Leiar og nestleiar bestemmer saman med sekretariat kva saker dette skal gjelde. I dei same sakene har representantar for ungdomsrådet møte og talerett i dei politiske organ som handsamar sakene.
- 4.3 Ungdomsrådet disponerer egne midlar. Ein del av midlane kan fordelast til tiltak som ungdomsrådet sjølv ønskjer å sette i gang, t.d. arrangement. Resten av midlane kan ungdomsrådet fordele til ulike ungdomstiltak, t.d. etter søknad frå elevråd, organisasjonar, grupper og enkeltpersonar.
- 4.4 Ungdomsrådet vel utsendingar til Fylkesting for ungdom.

5 ENDRING AV VEDTEKTEN

- 5.1 Disse vedtektene er fastsette i møte 07.11.01 av Solund kommunestyre, k-sak 062/01. Kommunestyre kan endre desse vedtektene, m.a. etter framlegg frå ungdomsrådet.
- 5.2 Endringane bør gjelde frå konstituerande møte om hausten.